

Protokoll styremøte Valdresmusea AS**2018:1**

Stad: Bagn Bygdesamling

Tidspunkt: måndag 26. februar kl. 15.00

Til stades: Jan Arild Berg, Brita Brenna, Frode Rolandsgard, Odd Arne Klemmetsrud, Espen Olavsson Hårseth og Aud Søyland. Frå administrasjonen: Tove Stubbene og Ole Aastad Bråten.

Sak 1/2018 Revidert årsrekneskap og styreårsmelding for 2017

Revidert årsrekneskap og styreårsmelding for 2017 ligg vedlagt.

Vedtak: Styret vedtek den framlagte årsrekneskapen og styreårsmeldinga.

Sak 2/2018 Årsrapport for 2017 og budsjettsøknad for 2019

Til Kulturdepartementet sender Valdresmusea årsrapport for 2017 og budsjettsøknad for 2019. Vedlagt utkast til årsrapport og budsjettsøknad. Administrasjonen foreslår å gjere Bagnsbergatn til nytt tiltak, og søker om utvida rammetilskott til dette.

Vedtak: Styret vedtek utkast til årsrapport og budsjettsøknad for 2019.

Sak 3/2018 Anna

- Styret ber om at årlege søknadar til Kulturdepartementet blir lagt fram i siste styremøte før jul.
- Styret ber administrasjonen om ein presentasjon av arbeidet med arkiv, samling og innsamling, og arbeidet med ein nye arkiv- og samlingsplan.
- Styret ber administrasjonen utarbeide eit notat som grunnlag for strategidrøftinga i styremøte 16. april.
- Styret ber administrasjonen gjere greie for omfanget av prosjekt og korleis desse er synleggjort i rekneskapen/rekneskapsrapportane.
- Styret ber administrasjonen om ein presentasjon av planar og framdrift for nye faste utstillingar ved Valdres Folkemuseum i styremøte 16. april.
- Neste styremøte er måndag 16. april kl. 10.00 på Valdres Folkemuseum, og er utvida til strategisamling for styret.